

Røldal 15. mai 2023

Innspel til stortingsmelding om villreinen på Hardangervidda.

Me er alle kjent med at villreinen på Hardangervidda er i dårleg forfatning.

Dette er slått fast av forskarane.

Grunnen til dette er sikkert mange og som saman utgjer trugsmålet for reinen.

Menneskeleg inngripen og aktivitet er nok hovudgrunnen. I tillegg er det registrert CWD på to dyr på Hardangervidda som saman med klimaendringane gjer det heile svært samansett og komplisert.

Det me iallefall kan gjera noko med er aktiviteten vår på vidda.

Me har allerede lovverk som kan brukast for å begrensa uynskja og ikkje naudsynt ferdsel .

Hyttebygging i randsonene må ta slutt då dette medfører auka ferdsel inn i nasjonalparken.

Ekstra fokus bør setjast inn i områda Haukelisæter-Hellevass-Litlos-Valldalen(Middalsbu) og vidare nordover frå Litlos. Denne turistruta delar vidda i to og dyra vert til ei viss grad hindra i å koma vestover på gode sommarbeiter.

Det kan ikkje vera nokon risiko å gjera tiltak som minkar all ferdsel på vidda. Om det visar seg at dette ikkje nyttar så går det an å reversera tiltaka.

Beste helsing
Oddbjørn Lynghammar